



Ingvar Fanebust  
Fonnebostvegen 156  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2203 - 17/32583

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
16.11.2017

## Vedkomande tilkomstveg i strandsona - gbnr 106/7, 9, 11 og 164 Fanebust

Administrasjonen syner til politisk vedtak i saka den 12.06.107.

Slik vi forstår det er ikkje tilkomstveg tilbakeført, og det er fremma ynskje om å redusere denne i bredda til ei gangveg.

For at det skal kunne reiknast som ei gangveg må vegens breidde ikkje overskride 1,2 m vidare vil det ofte krevjast at den ikkje har fast dekke men kun er grusbelagt.

Etablering av gangveg vil i denne saka krevje same søknadsprosess som tilkomstvegen. De må difor sende inn ny søknad om tillatelse til tiltak og søknad om dispensasjon vedkomande planføre målet LNF i kommuneplanens arealdel og § 1-8 i plan- og bygningslova vedkomande byggjeforbod langs sjø.

Vi ber difor om at det sender inn følgjande:

1. Søknadskjema om tillatelse til tiltak.
2. Situasjonkart som syner vegen. Vi syner også her til at gangveg skal ikkje ha større breidde enn 1,2 meter.
3. Søknad om dispensasjon vedkomande planføre målet LNF og § 1-8 vedkomande byggjeforbod i strandsona. Vi gjer merksem på her at søknad om dispensasjon må vere grunngeve for at vi kan handsame den.
4. Både søknad om tiltak og søknad om dispensasjon skal vere nabovarsla til både naboar og gjenbuarar.
5. Dersom vegen går over anna manns grunn må det i søknad ligge føre erklæring i frå heimelshavar som samtykker til tiltaket.

Denne saka har trekt ut i tid vi ber difor om at De sendar inn søknaden snarast og innan **04.01.2018**. Vi gjer merksem på at dersom vi ikkje mottek nokon søknad innan denne fristen vert saka følgd opp med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Harald Johannes Hansen

Fonnebostvegen 5955  
128 A

LINDÅS

**Mottakarar:**

Ingvar Fanebust

Fonnebostvegen 5955  
156

LINDÅS